

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 2/2022

JUNI

Grunnlagt 1938

83. årgang



God sommer

Frå redaksjonen

Framsida av dette nummeret av Hyrdingrøysta er prega av flagg og glede. Glede over at vi endeleg, for første gong sidan 2019 kunne feire nasjonaldagen på vanleg måte, fri for koronarestriksjonar.

Nasjonaldagen i år fekk på mange måtar ny meining og innhald, grunna den meiningslause krigen i Ukraina. Ein krig mellom siviliserte nasjonar i Europa er på mange måtar utenkjeleg, men no ser vi krigshandlingar fullt på høgde med det som gjekk føre seg på Austfronten under siste verdskrig. Nokre av dei aller hardaste slaga mellom tyskarar og russarar gjekk føre seg nettopp på dei ukrainske steppene.

Medan vi feira nasjonaldagen i strålende vår, med tog og flagg, talar, gudstenester og festpynta store og små, kjempa det ukrainske folket for livet. Dei kjempa for livet i ein krig sett i gang av ein diktator fullstendig fri for moralske skruplar, og som med løgner og falsk propaganda som bakteppe, sender unge russarar ut i ein krig dei ikkje vil ha og ikkje skjonar meininga med.

Før eller seinare vil nok også denne krigen ta slutt men før den tid har både ukrainarar og russarar betalt med blod for noko dei ikkje har bedd om å få. Lat oss håpe at verdsamfunnet på eit eller anna vis får stoppa galskapen og at dei som er ansvarlege for herjingane får den straff dei fortener.

Det norske samfunnet er stort sett tilbake til normalen etter pandemien, men mange bedrifter har fått økonomiske sår som er vanskelege å lækje. Prisane på energi har gått til himmels, matvareprisane stig, renta stig og vi er komne i ein situasjon der mange har problem med å få økonomien til å gå rundt.

Kyrkja er også tilbake til normalen, både når det gjeld gudstenester og andre arrangement. Kyrkja har meir og meir blitt arena



for kulturarrangement og det er bra. Nyleg var det såleis ein interessant arrangement i Helgheimskyrkja der biskop Kari Veiteberg viste vegar til Bibelen, eller til dei mange bøkene i Bibelen. Dette vil de sjå meir om inne i bladet.

Elles blir det også kyrkjelydstur i år etter koronapause, ein tur som går til heimen til salmediktaren og forkynnaren Matias Orheim på Stårheim. Orheim var ein svært allsidig og spesiell person som spela på mange strenger for å seie det slik.

Vi er midt i den finaste årstida og då er det kjekt å sjå at kyrkjegardane våre også i år er fine og velstelte. Dette er nemleg ikkje sjølv sagt og vi ser av diverse mediaoppslag at slett ikkje alle kyrkjegardar held same standard som dei i Jølster.

Sommaren er også tida for å prise naturen, noko også kyrkja gjer gjennom fleire friluftsgudstenester framover. To er allereie avvikla, og fleire kjem.

Hyrdingrøysta ønskjer alle ein god sommar og håpar at alle brukar den lyse tida til å lade batteria framfor ein ny haust og vinter.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Irene Muren Knapstad tlf: 992 47 006

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herlø sund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085



Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

Av sokneprest SILJE SØREBØ

Krafta i fellesskapet

I Apostegjeringane (kap 2) les vi om at læresveinane på pinsedag fekk kraft frå Den heilage ande. Dei som før hadde vore redde og forvirra, sto no fram og tala frimodig om Jesus til dei som var samla i Jerusalem i pinsehøgtida. Dei forkynte at Jesus døydde og sto opp for alle menneske og at alle som ville kunne bli døypte og få Den heilage ande i gåve.

Det er framleis det løftet vi får når vi blir døypte i kyrkja, at Gud gir oss sin Heilagande som skal fylgje oss alle våre dagar. Men så kan det jo hende at vi nokre gonger spør oss; skulle ikkje Anden gje kraft? Kor er krafta frå Anden i mitt liv? Nokre gonger kjenner vi oss kanskje ikkje så frimodige og kraftfulle i trua, men heller tvilande og motlause. Kvar er Den heilage ande då?

Når vi les om pinsedag i Bibelen kan det vere viktig å merke seg at krafta frå Den heilage ande kom til læresveinane då alle var samla på ein stad (Apg 2,1). Krafta låg ikkje berre i den einskilde av dei. Krafta låg i det fellesskapet som Anden gav dei.

Den tidlegare svenske biskopen Martin Lønnebo hevda ein gong at den største truselen i våre vestlege kyrkjer er mismotet. Vi ser på statistikken og ser at talet kyrkjegjengarar går ned, og vi kan bli mismodige. Men statistikken seier ingenting om den verdsvide kyrkja og alle våre truande sysken i alle land. Statistikken seier heller ikkje noko om alle våre sysken i trua som har gått føre oss. Statistikken seier ikkje noko om alle englane som er saman med oss, men nettopp i dette grensesprengande fellesskapet på tvers av tid og rom ligg krafta. Krafta til å kunne bringe fram for verda eit vitnesbyrd om det håpet og den kjærleiken som Kristus gir. For i dette grensesprengande fellesskapet finst det alltid ein som trur når eg tvilar. I dette verdsvide fellesskapet finst det alltid ein som ber når eg ikkje orkar å be.

Så lat oss oppsøkje gudstenesta og det kristne fellesskapet, både for vår eiga skuld og for andre. For om ikkje du alltid synest at du får noko ut av gudstenesta, så kan det vere at nokon andre treng at du er der. Lat oss hugse på det verdsvide og grensesprengande fellesskapet som den kristne trua gir, og lat oss be for kvarandre, både når vi er nær og ifrå



kvarandre, for krafta til tru, håp og kjærleik ligg nettopp i dette grensesprengande fellesskapet som Anden gir og som vi får høyre til heilt uavhengig av kor kraftfull eller kraftlaus den einskilde av oss kan kjenne seg.

Bøn frå Kina:

Herre, vekk opp di kyrkje,

og byrja med meg!

Herre, gjer din kyrkjelyd levande,

og byrja med meg!

Herre, skap fred overalt på jorda og byrja med meg!

Herre, bring din kjærleik og sanning til alle menneske,

og byrja med meg!

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er

frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingsast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Björg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem i oktober.



Ved Helgheim kyrkje.

Gravplassane våre

Gravplassane våre her i Jølster er godt og pent stelte. Det er ei glede å sjå kor velstelte gravene er. Eg les på gravminna og minnest dei som ligg til kvile her. Eg kjenner berre nokre få.

Tekst og foto: KNUT OSVOLL

På gravplassane ligg dei som levde her før oss. Ja, heilt tilbake til den tida då kristendomen kom til landet, og kyrkjene vart bygde. I tid kanskje endå lenger tilbake.

Venterom

Ved gravlegginga seier presten: «Av jord er du komen. Til jord skal du verte, og av jorda skal du atter stå opp.» Og vi som er kristne, trur faktisk at Jesus ein gong skal kome igjen for å dome levande og døde. Dette trur eg på! Jesus sa det. Og alt det Jesus har sagt, har gått i oppfyllding. Men korleis skal det bli kring kyrkjene våre når dei døde står opp igjen? Dette er ein fantastisk tanke:

At Jesus skal kome igjen! Han skal hente sine vener. Gravplassane er såleis også venterom. Venterom for alle som ventar på at Jesus skal kome igjen. Mange nektar å tru dette, men Jesus sa det, og då vil det gå slik. Og etter som Jesus sa det, vil også dette gå i oppfyllding. Dette trur også eg.

Ei grav kan, etter ei tid brukast på nytt. Og gravene blir brukte igjen og igjen. På kyrkjegarden ligg såleis jølstringar som har levd her for ca 1000 år sidan.

Det var verre før

I våre dagar er dødsårsaka mest alltid sjukdom eller alderdom. Slik har det ikkje alltid vore. Vi veit at folk i tidlegare tider svalt i hel. Særleg når uår øydela kornhausten, eller når veret øydela avlinga. Svolt og underernæring gjorde til at ein ikkje hadde motstandskraft når sjukdomen råka eller når det kom pest til landet.

Vi har nett no kjempa oss i gjennom ein pest, koronaen. Med vårt moderne og velfungerande helsevesen har vi greidd det. Dette hadde dei ikkje i gamal tid, difor vart dødstala store. Mange sjukdomar som i tidlegare tider var svært farlege, er ikkje så farlege i våre dagar. Sjukdomar som tuberkulose og poliomyelitt er på lag utrydda her i Noreg, og blindtarm-

betennelse som i tidlegare tider vart rekna som svært farleg og dødeleg, er, vanlegvis, ei enkel sak for kirurgen å lækje.

Send ei takk

Det er godt å sjå at gravplassane våre blir godt stelte. Vi har så uendeleg mykje å takke dei for, dei som ligg der. Nokre har lege der i mange hundre år. Andre i kortare tid. Og du må ikkje gløyme at det er dei som ligg til kvile der, som har opparbeidd det landet vi bur i. Demokratiet vårt, helsestellet vårt, landbruket, skulestell og mykje, mykje meir.

Dette er kanskje tankar du kan ha med deg neste gong du går til kyrkje. Send ein tanke med takk til dei som ligg til kvile der.

Generasjonsgudsteneste søndag 28. august i Helgheim kyrkje

Gudstenesta er for alle, men vi vil ha spesielt fokus på å legge til rette for dei eldste i kyrkjelyden.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi.

Det vert høve til å studere den nye kyrkjekunsten og det vert god tid til å prate med kvarandre.



*Hjarteleg velkomen!
Helgheim sokneråd*

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Ingvar Moe

Vår-morgon på Jord

Kom, ta mi hand og gå med meg,
eg har ei jord å vise deg,
kom, før det blir for seint.
Kjenn no angar skogane,
sjå koss det gror bak plogane
sjå, vatnet er så reint.
Høyr fugle-song på taket,
kjenn dagen kjem tilbake.
Kom, ta mi hand og gå med meg,
eg har ei jord å vise deg,
kom, før det blir for seint.

Stiltre deg fram, eg trur vi må
ta mykje betre vare på
alt jorda har å gi
Sjå, skodda stig så stille frå
ei eng som har fått grøne strå.
Høyr, gauken gjel i li.
Kjenn morgon-dogg i graset,
sjå sola skin i glaset.
Stiltre deg fram, eg trur vi må
ta mykje betre vare på
alt jorda har å gje.

Møte med eit dikt

Denne gongen er det HILDEGUNN HUUS som presenterer eit dikt ho er glad i.

Eg har samla på dikt frå blad eg har kjøpt fram gjennom livet. Nokre dikt har eg berre lese den eine gongen eg la dei i perm, medan andre har eg teke fram mange gonger, slik som dette diktet. Kvar dag vert vi minna på at skaparverket blir dårleg ivareteke, ja eg trur vi kan seie meir og meir øydelagt. Våren er for meg den tida eg lever mest i pakt med naturen, og undrar meg over alt som skjer. Eg legg til rette for det eg ynskjer å hauste, og eg legg grunnlaget for ein blomstrande sommar. Men for å få til det ein vil, er ein avhenging av sol, regn, temperatur og det yrande livet i jorda, og



Våren er for meg den tida eg lever mest i pakt med naturen, og undrar meg over alt som skjer, skriv Hildegunn Huus.

då er det andre krefter enn mine som rår. Difor trur eg at Guds skaparkraft også vil vere den kraft som lar oss få vit og vilje til å

stoppe i tide eller rive ned inntil vi alle står på kanten av stupet og må rope eit rungande HJELP.

Nystarta barnekor-Jølster barnespel

Sidan midten av februar har ni jenter (ti på slutten) samlast etter skulen på onsdagane. Dei er 2. og 3. klassingar (ei 4 klassing var med på slutten).

Tekst: SILJE SØREBØ
Foto: BJØRG DVERGSDAL

Dei har vore veldig sangglade og lærevillige. Dei hadde ein kjempemyggeleg konsert på

omsorgsenteret i forkant av 17. mai som eg trur dei eldre sette veldig pris på. Det er ikkje noko gruppe på Skei, men planen er å starta opp på Skei no til hausten slik at det blir annakvar onsdag på Skei og annakvar på Vassenden. Det vil også bli fellesøvingar.

Gerd Sunde skal overta koret, og ho får med seg Rune Molvik. Dei heiter då Jølster barnespel.

Red. merknad: Vi har hatt glede av å høyre desse ungane syngje eit par gonger i kyrkja.



Det nye barnekolet under leiing av Silje Sørebo.

Dei er utruleg flinke etter berre nokre få øvingar. Vi gler oss over at det også blir utvida med ei gruppe på Skei.

Bibelen på 200 sider og ein



Kari Veiteberg er ein god formidlar og heldt eit engasjert og interessant føredrag om bibelen.

– Eg står her som undervisar og skulle kanskje vore i eit klasserom, sa biskop Kari Veiteberg då ho stilte opp i Helgheimskyrkja for å fortelje om den nyaste boka si, «Bibelen på 200 sider». Det vart ei reise i til dels ukjende sider av «Bøkenes bok»

Før Oslobiskopen slapp til, orienterte sokneprest Silje Sørebo om dei nye biletvevane i kyrkja og ho samanlikna dei med boka til Veiteberg. Det er nemleg slik at dei åtte vevane på ein måte fortel bibelsoga frå dei sju dagane i starten og til dommedag.

For dei som ikkje veit

Kari Veiteberg presenterte boka si som ei bok for dei som ikkje veit så mykje om Bibelen. Altså ein slags guide til boka som ikkje er berre ei bok, men eit heilt bibliotek.

– Eg høyrer til dei siste som har særleg mykje bibelkunnskap, sa Veiteberg og gjorde det klart at Bibelen ikkje er ein roman eller eit prosaverk, men ei mengd bøker som omhandlar det meste; biografiar, slektsgranskning, krim, historie og mykje anna. Biskopen peika også på at bibelske tekstar gjennom historia både har vore brukte til å halde folk nede og til å sette fri.

Mange variantar

Bibelen har som kjent vore presentert i mange utgåver og omsetjingar, noko biskop Veiteberg sa litt om. Bibelen var lenge på dansk, så kom den på bokmål eller riksmål og til slutt på nynorsk, noko som vekte motstand, også frå nynorskefolk.

– Vi kan ikkje lese Guds ord på same målet som vi brukar rundt kjøkenbordet, vart det sagt. Den siste utgåva av Bibelen kom for nokre få år sidan og har kjende namn som Jon Fosse og Karl Ove Knausgård på forfattar-

sida. Dette er namn som lyser sterkt på den kulturelle stjernehimlen og Kari Veiteberg meinte bestemt at den som skal forstå kunst og kultur, må ha kunnskap om bibelen.



Silje Sørebo og Iren Dvergsdal fortalte om den nye kyrkjekunsten.

kveld



Som eit minne frå besøket i Jølster fekk søstrene Veiteberg med seg boka om Ålbuskyrkja.

Med søstera som biletredaktør

Jorunn Veiteberg, søstera til biskopen er kunsthistorikar og biletredaktør for boka. Ho hadde ein gjennomgang av illustrasjonane i boka som i stor grad handlar om kyrkje-kunst, ny og gammal frå Noreg og Europa. Eit av bileta er eit nattverdsbilete med Jesus og læresveinane, der Jesus er framstilt som ein farga mann, noko som skapte bølger i england der biletet vart skapt.

Jorunn Veiteberg fortalde også litt om kvinnene i Bibelen som blir løfta fram i denne boka. Illustrasjonane i boka inneheld også plansjar, ikon og andre ting; som «Getsemane» av Nikolai Astrup.

Den mørke sida

Bibelen er så mangt, og alle som har lese litt i den veit at ikkje alt som står der er barnelitteratur.



– Dei passar inn i kyrkjerommet sa Kari Veiteberg om dei nye biletvevane. Denne heiter Jesu livsoppgåve.

– Eg har møtt menneske som har blitt skada av bibeltekstar, fortalde Kari Veiteberg og synte til valdtekt, incest, barneoffer og diverse maktovergrep som er skildra der. Men ho meinte sjølvsagt at Gud spelar ei vesentleg rolle i Bibelen, men at han er vanskeleg å sjå føre seg ut frå skildringane i Bibelen. Ho meinte at menneskefigurane er lette å sjå føre seg, men at det er verre med Gud såleis.

Etter føredraget fekk biskopen takk frå soknepresten som takka for bibelkunnskapen, kunsten og mangfaldet. Og til Elsa Norunn Håheim Nydal som har designa kyrkjekunsten, sa ho følgjande:

– Du har plassert bibelforteljingane inn i vårt landskap.

Passar i kyrkjerommet

Etter føredraget til Kari Veiteberg spurde vi om kva ho tykte om dei nye biletvevane i kyrkja.


– Eg har ikkje sett så mykje på dei enno, men det eg ser er at fargane passar inn i resten av interiøret. Det er noko med lyset.

– Når det gjeld denne boka di; trur du at den vil få fleire til å lese Bibelen?

– Ja, det trur eg, og det veit eg. Det var også noko av planen med dette prosjektet. Redaktøren min på forlaget, hadde aldri lese Bibelen, men ho vart nysgjerrig, svarta Veteberg som måtte signere mange bøker denne kvelden.



Biskop Veiteberg ville gjerne snakke med dei som står bak kyrkjekunsten. F.v.: veverske Iren Dvergsdal og designar Elsa Norunn Håheim Nydal.

**GJESTESKRIBENTEN:**

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skriveløse og for dei som brenn for noko. I denne spalta vil vi oppfordre

jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmøde skribentar om å melde seg, vil vi også utfordre nokre vi trur

kan vere med på å gje liv til denne spalta. Denne gongen er det tidlegare sokneprest i Jølster, VIDAR BJOTVEIT som er gjesteskribent.

Fotefar – ein veg vidare

Nyleg døypte eg eit barn til ein av mine x-konfirmantar frå tida på Jølst. Det er alltid stas å døype born, men kjende denne gongen at det gjorde noko ekstra med meg. Kan det vere alderen som spelar opp til større melankoli? Eller var det noko med dei spesielle banda som ein fyrste prestejobb kan gje?

Tekst og foto: VIDAR BJOTVEIT



Døypefont frå Vereide kyrkje.

Biskop Halvor som var min praktiskumsrektor skildra fyrste jobbstaden som den fyrste kjærleik. Rart og litt sært tenkte eg da, no tenker eg kanskje annleis. Det blir gjerne slik at vi tenker annleis med åra.

Dåp

Der i dåpsvatnet i Vereide kyrkje sildra det tre små auser frå handa mi over barnet sitt hovud. I namnet til Faderen og Sonen og Den Heilage Ande vart barnet lagt inn i ei lang rekke av døypte. Slik det har vore utført i kyrkjene på Jølst, Glommen og i den verdsvide kyrkja.

No såg eg litt ekstra på barnefaren og det var ein vaksen mann eg såg. Men det var ein gong han var ungdom og framtida var uviss. Born og ungdom har det gjerne slik, framtida er berre der framme og den kjem. Vi som

har kome litt lengre har ei større fortid, men framleis kan vi bere på von om framtid.

Skokaos

Men tilbake til fortida, til prestegarden på Ålhus. Den omtala barnefaren, og dei andre 13 kulla gjorde det same da dei var konfirmantar.



Skokaos frå prestegarden på Vereide.

Dei møttest på pizzakveld i prestegarden, med variert buffé. I gangen sparka dei av seg sko og gjekk sine skritt inn i ei av stovene. Etter kvart vart det eit mønster korleis dei gjekk. Dei frå indrebygda samla seg i stova nærast Skei, dei i nedrebygda i stova mot Vassenden. Stova i midten var ofte tom. Men litt uti kvelden var dei samla i midten og dei var ein konfirmantgjeng. Eg spurde barnefaren om han hugsa dette, og det kunne han. «Vi kjende ikkje så godt dei andre», fekk eg til svar. Når kvelden var over vart det ei intens leiting etter sitt skopar. Gangen med sko i eit heilagt kaos gjer meg gode minner men og tankar. Korleis har livet blitt for cigarane av sko? Korleis blir framtida deira?

Det fyrste kullet av konfirmantar på Jølst er i dag 37, og har sikkert sine gangar med ulike sko. Treffpunkt oss menneske imellom



Vidar Bjotveit minnest konfirmantane i Jølster og i Gloppen. Foto: Hallstein Dvergsdal.

har endra seg, slik er det med ungdomen og. Smarttelefon gir anna type utfordring for møtepunkt andlet til andlet. Det er meir blått skjermlys som speglar seg i andleta våre. Det trur eg gjer noko med oss, det seier eg som storbrukar av smart-telefon sjølv. Men ungdomen treng framleis å møtast og bli møtt.

Ja dei treng ein gang å få sparka av seg skoa, før dei går vidare i livet. Og kjem igjen med nye sko. Som godt vaksen brenn eg framleis for ungdomen, at dei skal finne sin plass i sine rom. Vi held framleis på med slike samlingar etter at vi flytta til Gloppen.



Skokaos frå prestegarden på Ålhus

Ulike fotefar

Alt har si tid. Ei tid for å planta ei tid for å riva opp (Forkynnaren 3) Barnefaren har sin gang no med småsko. Min gang blir tomt for sko, men får heldigvis påfyll med eit heilagt sko kaos kvart år.

Eg har hatt mine føredøme, personar som har laga avtrykk og inntrykk. Eg har gått i ulike fotefar, og er takksam for alle spor som har vore lagt ut på førehand.

Pizzasamlingane er mikroskopiske bidrag i ungdommens liv. Like fullt går mine tankar til dei desse samlingane av sko og ulike framtidar. Men for å omskrive «Skigardsvisa» Eit skopar kan kje vara evig, veit du, kan aldri vara evig. For alt har si tid. Ungdomen som sparke sine sko i prestegarden møter no med sine barn til dåp og etter kvart har dei eigne ungdomar i hus. Ungdom treng å bli sett av sine likesinna men og av vaksne Barnefaren førte meg tilbake til tida på Jølst og ungdomen eg møtte der. Det er fortida og minner om gode stunder.



I januar neste år kjem tidlegare biskop Per Arne Dahl til Jølster. Foto: Kulturplot.no.



Brynjulf Jung Tjønn kjem til Vassenden kyrkjesenter i september. Foto: Anna Julia Granberg.

Kulturarrangement i kyrkjene i Jølster

I tida som kjem blir det fleire spennande kulturarrangement i kyrkjene i Jølster i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi.

TORS DAG 1. SEPTEMBER

kjem forfattar Brynjulf Jung Tjønn til Vassenden kyrkjesenter. Brynjulf er oppvaksten i Vik i Sogn og har skrive blant anna «Så vakker du er» og «Alt det lyse og alt det mørke». Han fekk P2-lyttarens romanpris for «Kvar dag må vi vere så modige». 1. september møter du han i samtale med sokneprest Silje Sørebo.

TYSDAG 15. NOVEMBER

kjem ein av landets mest anerkjende, profesjonelle forteljarar, Helga Samset, til Ålhus kyrkje. Saman med ein av våre finaste jazzmusikarar Jonas Kilmork Vemøy gir dei oss forestillinga «Josef». I denne forestillinga gjer dei den gripande forteljinga om Josef og brørne hans i Det gamle testamentet levande og aktuell. Etter forestillinga blir det allsongkveld i prestegarden.

TYSDAG 17. JANUAR

kjem biskop emeritus og forfattar Per Arne Dahl til Jølster med temakveld med utgangspunkt i tematikken i dei nyaste bøkene sine, «Sårberhetens kraft» og «Gjestfrihetens kraft».

Set av datoane og gled dykk!



Helga Samset og Jonas Kilmork Vemøy blir å høyre i Ålhuskyrkja i november.

Ei annleis gudsteneste

Gudsteneste utan prest. Er det mogeleg? Ja, tidlegare i vår var vi med på dette i Helgheim kyrkje. Presten var blitt sjuk og det var umogeleg å få vikar.

Det var ikkje så mange kyrkjegjengarar som hadde våga seg ut i ruskeveret med regn og sludd langt nedover fjellsidene

Klokkar Solrunn Dvergsdal leia oss gjennom gudstenesta i lag med Hildegunn Huus. Gunnar Smådal var organist. Songen kunne nok runge sterkare, men det vart ei fin stund i kyrkja.

Folk tok seg god tid ved kaffibordet.



Klokkar Solrunn Dvergsdal måtte steppe inn for presten i lag med Hildegunn Huus



Det var ikkje så mange kyrkja, men dei tok seg god tid ved kaffibordet.

Songkveld

Tekst og foto: BJØRG DVERGSDAL

Andre påskedag var det songkveld på Vassenden kyrkjesenter. Godt fram møte der vi fekk synge kjende og litt meir ukjende påskesalmar. Barnekoret gledde oss med både song og dans assistert av Silje prest, Stina Kjos Sunde og kantor Rune.

Etterpå var det kveldsmat med mykje godt prat attåt.



Det var mange som møtte opp på songkvelden andre påskedag.



**TIDEBØN og
OPEN KYRKJE**

Kvar tysdag kl. 11.00 er det tidebøn og open kyrkje i Vassenden kyrkjesenter. Unnateke dersom gravferd



Barnekoret deltok med song og dans.

Nytt frå Helgheim og Ålhus sokneråd fellesmøte våren 2022

Vi starta med å ha møte med ass. kyrkjeverje Trond Herløvsund som orienterte om økonomien i sokna. Sokna i Jølster har per i dag ein grei økonomi. Sokna har fått tilført noko ekstramidlar frå kyrkjeleg fellesråd. Helgheim sokn får og tilført sekretær midlar for at ein fører møtebøkene sjølve og ein får dekkja noko husleige for møta ein har.

Økonomi er eit omfattande arbeid som både fellesrådet og sokna er beviste på, og brukar ein del tid på.

Det er mange ynskjer om vedlikehald og anna arbeid som skulle vore gjort, og kva vi vil prioritere vert fordelt så godt ein kan og har/får midlar til. Det er kommunen som overfø-

rer midlar til fellesrådet og dei prøvar stadig å stramme inn. Så vi må heile tida synleggjere kva vi verkeleg treng.

Vi har fått tilført «aktivitetstilskot» til sokna, og kulturmidlar.

Kulturmidlar frå OVF har vi fått og vi har vedteke at vi skal ha 4 kulturarrangement i Ålhus og Helgheim sokn. Dei vert gjort kjent i Hyrdingsrøysta og på andre måtar.

Aktivitetstilskotet skal i størst mogeleg grad nyttast til ungdomsarbeid.

Vi har hatt vitjing av teaterforestillinga «Kirkerottene» på Vassenden kyrkjesenter

Det har vore gjennomført fasteaksjon og konfirmantfest på Vassenden Kyrkjesenter, og tårnagenthelg.

Vi satsar på kyrkjelydstur i år.

Vi har oppretta ein 20% stilling for barne

og ungdomsarbeidar med fokus blant anna på kor.

Vi har og vedteke å låne ut orgelpiper frå gamle orgelet som ligg og ikkje er i bruk. Det vert laga avtale.

Området ved Jølstravatnet som stormen øydela jobbar vi med å få retta opp.

Så har det vore dugnad på alle kyrkjegardane i vår. Dei som ikkje vart spurt i år står på lista til neste gong.

Så har vi dei faste sakene som å godkjenne gudstenesteliste, utdeling av bøker til ymse aldersgrupper, konfirmantjubiläum m.m. Vi har og eit sterkt fokus på korleis få folk til å komme til kyrkjene våre og trivast der.

Kyrkjerottene på Vassenden kyrkjesenter

Mange spente og forventningsfulle barn og vaksne tok vegen til Vassenden kyrkjesenter laurdag 2.april for å møte Kyrkjerottene.

Kyrkjerottene er eit barneteater som Iko-kyrkjeleg pedagogisk senter reiser rundt med.

Ålhus og Helgheim sokneråd hadde invitert dei til å framføre ei teaterforestilling med tema: «Sauen som blei borte – og funnen igjen».

Vi som var der fekk oppleve ei spennande forestilling med Kyrkjerottene og Lea Mus.



Kyrkjeskyss

Treng du skyss til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874

Knut Osvoll tlf. 911 90 709

Turid Høyvik tlf. 472 48 832

Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Björg Dvergsdal tlf. 476 66 812

Mest for barn


Stokk om på bokstavane og finn fem namn i Jølster:

SSENV DANE :

E F B N I G R :

R K E S D E :

A L A S N D :



Vitsar

- Har du høyrte om mannen som datt ned frå ein ti meter høg stige utan å slå seg?

- Han stod på det nedste trinnet.

Ei mus og ein elefant gjekk tur i ørkenen. Elefanten gjekk slik at musa fekk gå i skuggen til elefanten. Åh, det var varmt, sa elefanten.


- Skal vi bytte plass slik at du kan gå i skuggen min? spurte musa.

- Tenk om det ikkje fanst elektrisitet?

- Då måtte vi spele dataspel i mørket!

KOR MANGE DYR FINN DU NAMN PÅ I DIAGRAMMET UNDER?

U	D	G	H	U	N	D	U	V	A
N	L	Z	E	K	A	L	V	M	Å
R	E	V	S	V	S	S	A	D	G
T	L	I	T	Ø	X	L	T	L	A
G	Å	L	M	L	Ø	V	E	Y	U
N	G	S	K	N	L	V	S	M	P
I	E	V	R	T	I	G	E	R	E
L	T	I	L	K	G	O	L	M	X
V	T	N	S	U	V	E	R	T	A
E	O	I	B	A	G	S	I	Z	D
R	R	Ø	Y	S	E	K	A	T	T
G	A	S	T	L	V	O	N	M	P

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 9–21
Laurdag: 9–20

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
VESTLAND
GRUPPEN **ELEKTRO OG RØR**

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat TUNET
- kurs og oppleving

Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no



VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



ALF HELGHEIM & CO AS

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK



ROALD SUNDE
Maskinentreprenør – Sentral godkjenning
Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22.40.00.40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Kyrkja er vår heim



JUNI

PINSEDAG

Søndag 05.06

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

2. PINSEDAG

Søndag 06.06

Fjellgudsteneste på

HAMNANOVA KL. 12:00

TREEININGSSØNDAG

Søndag 12.06

VASSENDEN KYRKJESENTER KL. 11:00

Gudsteneste med nattverd.

2. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 19.06 kl. 11:00

SANDALEN GRENDAHUS

Gudsteneste med nattverd

3. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 26.06 kl. 19:00 mrk. tida

HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste med nattverd

JULI

4. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 03.07

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

5. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 10.07 Skaparverkets dag

Friluftsgudsteneste i

KJØSNESHOGEN KL. 11:00

Gudsteneste med nattverd

7. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 24.07

VASSENDEN KYRKJESENTER KL. 19:00

MRK TIDA

Gudsteneste med nattverd

OLSOK

Søndag 31.07 kl. 11:00

SUNNFJORD MUSEUM, MOVIKA

Gudsteneste med nattverd

AUGUST

9. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 07.08

Friluftsgudsteneste på SYSTESTØYLEN I

GJESDALEN kl. 12:00

10. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 14.08

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

12. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 28.08 kl. 11:00

ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste med dåp og nattverd

12. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 28.08

HELGHEIM KYRKJE KL. 15:00 mrk tida

Generasjonsgudsteneste

SEPTEMBER

13. søndag i treeiningstida

Søndag 04.09

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med presentasjon av

2023 konfirmantane og 50-års konfir-
mantjubileum

VINGARDSSUNDAGEN

Søndag 11.09

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med presentasjon av

2023-konfirmantane og 50-års konfir-
mantjubileum

Sjå i papiravisa Firda,

laurdagsnummer

Vigde

ÅLHUS SOKN

Jølstramuseet

11.06 Camilla Sletten Moen og
Anders Aase



Døypte



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

05.06 Leonel Moen

05.06 Nora Kvamme Hansen

05.06 Ella Olivia Nydal

17.04 Ciena Myrvang (døypd i
Naustdal kyrkje)

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

10.04 Ella Haugland Bolset

10.04 Thilda Bergström Heggheim

10.04 Gabija Burkauskaitė

10.04 Kotryna Jacinkeviciute

10.04 Goda Jacinkeviciute

29.05 Sander Holsen Fugle

(døypd i Førde kyrkje)

29.05 Signe Heggheim Malis

(døypd i Førde kyrkje)

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje/Ålhus kyrkjegard

22.03 Arvid Øvrebø

16.05 Nicolai Astrup

24.05 Nils Nilsen

Vassenden kyrkjesenter

/Vassenden gravplass

29.04 Normann Dvergsdal

03.06 Solveig Marie Eraker Svidal

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje/

Helgheim kyrkjegard

29.03 Nils Jakob Juklestad

24.05 Harald Øvrelid

Nytt tak på misjonshuset



Det gamle taket er fjerna.

Misjonshuset på Skei har har lenge hatt behov for nytt tak, og i veke 23 starta arbeidet med å skifte det. Ein dugnadsgjeng

stilte opp og fekk fjerna halvparten av det gamle taket og fekk lagt nytt undertak og nye lekter.



Klart for legging av nytt tak.

Nytt tak på halve huset vart så skrudd på plass, men resten måtte dugnadsgjengen vente med til været ordna seg. Vi tek med eit

par foto frå arbeidet som vi har fått tilsendt frå Svein Årdalsbakke.

Tur til Orheimstunet

Søndag 21.august arr. Ålhus og Helgheim sokneråd tur til Orheimstunet på Stårheim i Nordfjord. Buss frå Firda Billag på Skei (Viken 2) kl. 9.00

Pris: ca. kr. 350,- (born gratis)

Påmelding til Jølster kyrkjekontor (tlf. 57 82 81 80) innan 10.aug.

Mathias Orheim (født 26.juli 1884 på Stårheim, død 20.april 1958 same stad) var ein norsk salmediktar og lekpredikant. Orheim reiste rundt som forkynnar i bygdene våre,

men og andre stader. Han vitja kvart einaste prestegjeld med unntak av nokre få i Finnmark. Han heldt over 35.000 møter! Han er og kjend for å spele på glas og syngje. Han spelte og på fele. Han var motstandar av den rådande pietismen. Bodskapen hans var ein gladare, meir heimsleg, jordnær og praktisk kristendom. Orheim er kjend som lyrikar og salmediktar. Men han skreiv og 10 romanar. Orheim var ein ihuga forkjempar for det nynorske språket. Orheim miste gradvis synet. Som 32-åring var gangsynet borte. Men Orheim heldt fram aktiviteten for fullt. Arne Grimstad kalla han for «den blinde sjåaren.» Kona hans Maria var «den støttande han-

da hans» i alle år. Dei bad til gud om om å «få slutte av i lag.» Dei var bønheyrde. Dei døydde begge i heimen i 1958 med 3 timars mellomrom.

Sonedotter Åshild Orheim Haga bygde på slutten av 1900-talet opp eit heilt Mathias Orheim-museum på heimegarden på Stårheim.

Denne dagen vil vi få omvising på museet og vi skal drikke kaffi i hovudhuset. Har du lyst til å høyre historia om «den blinde sjåaren» Mathias Orheim, så meld deg på turen!